

# Prekestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,  
STRAND, JØRPETLAND OG FORSAND SOKN  
NR.3, JUNI 2021. 82. ÅRG.



## Innhald nr. 3-2021

**Adresse:**  
Postboks 188  
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 5. oktober  
Frist for innlevering av  
stoff er 27. august

**Redaksjon:**  
Redaktør Olav Frantzen  
Tlf. 977 55 271  
olav.frantzen1@lyse.net

Jon Vogt Engeland  
Liv Åse Gaard  
Yvonne Langeland Meltevit  
John N. Nessa  
Haldis Karine Nilsen  
Siv Fossan  
Reidunn Ferstad  
Kristoffer Nåden Havn  
Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**  
Liv Åse Gaard  
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i  
postkassen, kan de ta kontakt  
med eitt av kyrkjekontora.  
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris  
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,  
Strand og Forsand.  
Alle utanbygds abonnentar  
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158  
eller Vipps på Prekestolen  
kyrkjeblad, eller vippss-  
nummer 105004.

**Grafisk formgjeving:**  
Marton L Fiskå  
marton.fiska@icloud.com

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri  
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**  
Detalj frå Per Odd Arrestad sitt  
relieff i Tau kyrkje.  
Foto: Synnøve Frantzen.

Andakt.....	Side 3
Tau kyrkje er ferdig.....	Side 4
Program for Tau kirke.....	Side 6
Konfirmantar 2021.....	Side 7
Vi gler oss aller mest til å kunne samle slekt og vener!.....	Side 10
Jubileum i Lysebotn.....	Side 12
Olsok i Årdal gamle kyrkje.....	Side 15
"Bebudelsen".....	Side 16
Røldalsleden, en ny pilegrimsvei fra Stavanger til Trondheim.....	Side 18
Grønt hjerte.....	Side 20

### Gratulerer med ny kyrkje!


**D**et er ei storhending når ei bygd får ny kyrkje, og me gratulerer alle innbyggjarane i Strand sokn med at Tau kyrkje snart er klar til bruk. Det er eit stort økonomisk løft for ein kommune og ein kyrkjelyd å byggja kyrkje, men heldigvis er det framleis mogeleg å få til når mange nok vil det same. Å byggja kyrkje er ei framsynt handling. Det er viktig for oss og for kommande slekter, det er viktig for identiteten vår. Difor er det grunn til å takka dei som tok initiativet, dei som har stått på i mange år, sokneråd, felleсрåd og ulike komitéar, dei som teikna og bygde, dei som løyvd alle millionane, og dei som har gitt pengar for å dekka kyrkjelyden sin del av kostnaden. 147 år etter at Strand kyrkje vart bygd, står den nye, moderne kyrkja der, sentralt plassert på Tau. Her skal alle vera velkomne, her skal det vera liv og aktivitet dei fleste dagar, her skal folket kunna samlast for å lytta og å delta, for å feira eller sorgja, eller berre for å vera stille, på kvardagar, søndagar og festdagar, gjennom heile livet.

Kyrkje betyr «Herrens hus» (frå gresk κυριακόν δόμα), ein bygning for den kristne gudstenesta. Gudstenesta er kyrkjelyden si hovudsamling, men i kyrkja anno 2021 driv me med mykje meir enn gudstenesta på søndagane. Alt det andre er like viktig, og alt arbeidet er ei teneste for Gud.

Lukke til med kyrkjebygget, lukke til med innviinga og alle arrangementa i september, og lukke til med arbeidet i Herrens hus!

«Gud, gjer døra til dette huset vid nok til å kunna ta imot alle som treng kjærleik og fellesskap, og smal nok til å stengja ute misunning, hovmod og strid.» Thomas Ken (1637-1711)

*Olav Frantzen*



Illustrasjonsfoto: Pixabay



Foto: Privat

## Frykt ikkje, for eg er med deg!

Andakt av Sigrunn Hagen Arnesen  
Sokneprest Årdal, Fister og Hjelmeland

**K**onfirmasjonane i mai har ofte blitt kalla vårens vakraste eventyr. Mange glade og flotte konfirmantar stiller opp i sin finaste stas. Ennå eit år har me blitt nødt til å flytta konfirmasjonen til hausten for dei aller fleste. Me har mange flotte dagar med kjekke konfirmantar i vente utover hausten, og nye konfirmantar vil starta opp. Me ser i desse dagar fram til sommar og ferie og håpar at pandemien roar seg slik at me kan få vera meir saman med familie og venner!

Eg kjenner til tider at livet kan vera tungt og vanskeleg. Mange menneske slit med angst, depresjon og sjukdom. Pandemien gjer det ikkje lettare. Dessverre er det og dei som gjer slutt på livet når det blir for tungt og mørkt. Enkle svar kan me ikkje gje. Men me skal få minna kvarandre på at Guds kjærleik når i djupna og i høgda. Jesu kjærleik er rundt oss og med oss gjennom Den heilage Ande.

I Jesajaboka i Bibelen finn ein mange ord til trøyst og håp i vanskelege tider. Her kjem to av dei:

*Han gjev den trøytte kraft,  
og den som ikkje har krefter, gjev han  
stor styrke (Jes 40,29)*

*Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje  
redd, for eg er din Gud!*

*Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held  
deg oppe med mi rettferds høgre hand.* (Jes 41,10)

Det dreier seg om å tru og å ta imot, å sleppe Jesus inn i livet både i motgang og medgang. Utan å tru og håpa på noko, vil livet bli utan framtid. Framtidstru og framtidshåp er noko me treng i desse tider. Trua og håpet gjer at me får ei retning å strekka oss imot.

Kor er du Gud i alt som hender? Kvifor er det menneske som lir? Kvifor påfører menneske kvarandre liding, krig, terror, mishandling og overgrep? Kvifor manglar menneske mat og kler, hus og heim?


Kristne er ikkje lova eit liv utan motgang eller smerte. Mange kristne i alle land kan fortelja noko om det.

Tenk på din skapar i ungdoms år, skrev Forkynnaren for 3000 år sidan (Fork 12,1). Seinare i livet kan det bli så tunge dagar at det blir lite overskot til å tenka på Gud. Å tenka på Skaparen er å ova seg i å leva og å ta imot. Å ta imot det Gud vår skapar vil gje oss. Han som har skapt oss, han vil gje oss det me treng. Me slepp å samla oss rikdommar, me slepp å samla på gode gjerningar for å fortena Guds kjærleik eller for å få koma til han. Han vil at me skal koma med oss sjølv og gje våre liv til han. Hos Jesus er det ikkje snakk om prestasjonar og å gjera oss fortente til hans kjærleik og hans tilgjeving.

Jesus ønskjer å vera i liva våre!

Fordi: *“Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.”*

Han vil fylla oss med sin fred og sin fullkomne kjærleik.



Kommunestyret på befaring i Tau kyrkje.



Dugnad på utvask.

# Tau kyrkje er ferdig!

**Sidan hausten 2005 har ein byggjekomité arbeidd målretta for å bygga ny kyrkje på Tau. Målet var at kyrkja skulle stå ferdig samstundes med Ryfast-tunellane i 2016. No er endeleg arbeidet ferdig. Kyrkja står klar!**

Tekst og foto: Martin Ivar Arnesen


Tau kyrkje står midt i sentrum og skal vere ein samlingsplass og ei storstove for folk. Framfor kyrkja skal det vere eit ope torg - ein møte og -mingleplass.

Kyrkjerommet har plass til 420 personar. Kyrkjekunsten med glasmaleri og relief er laga av Per Odd Arrestad. Reliefet med sine mange små og store detaljar er eit kart over Tau sentrum.

Mellan kyrkjerom og kyrketorg er det dører som kan skyvast til sides. Her er det plass til 150 stolar, som saman med stolane i kyrkjerommet gjer at kyrkja

kan romma 570 personar. I hovudetasjen er det også fire grupperom og møterom av ulik storleik. Her finn vi og eit kapell/bønerom. I tillegg er det her eit stort og godt utstyrt kjøkken, og leikerom for småborn. Kjellararealet på 500 m<sup>2</sup> vil seinare bli innreia m.a. til rom for barne- og ungdomsarbeid.

Fram til no har dei tilsette hatt kontor i Kraftverket Jørpeland, men frå no skal dei som har sitt arbeide i Strand sokn saman med kyrkjeadministrasjonen ha sine kontor i den nye kyrkja.



Sidan starten i 2005 har Tore Voster vore leiar av byggekomiteen.

## STORSTOVE FOR NORDRE STRAND

Den nye kyrkja skal ikkje berre vere eit hus som samlar folk søndag foremiddag. Det er ei open kvardagskyrkje. Arbeidstittelen var «Sjømannskyrkja på Tau», og arkitekten hadde i prosjektet gjeve kyrkja tittelen «Vaffelhjerte».

Her skal det vere rom for barn og unge samla til fellesskap, trusopplæring og konfirmantundervisning. Her skal vere formiddagssamlingar som babysong og eldretreff. Det skal vere barnekor og samlingar for familar.

Lys- og lydanlegg er på plass frå starten slik at ein kan ha konsertar og framvisingar.

Rom i kyrkja kan og leigast ut, t.d. til dåpselskap, konfirmasjonsselskap og minnesamver.

## DUGNAD

I arbeidet med den nye kyrkja er det gjort eit stort dugnadsarbeid. Byggjekomiteen har gjort eit stort arbeid gjennom fleire år. I tillegg har det vore eigne komitear som har arbeidd med utsmykking, kjøkken, lyd, bilde og lys, uteareal,

innsamlingsarbeid, kjellar og tilrettelegging for born og unge.

## ØKONOMI

Kyrkjebygget kostar ca. 65 millionar kroner. I tillegg kjem utgifter til infrastruktur i Tau sentrum, kjellar og beling på ca. 15 millionar og kjellar på 3,5 millionar. Soknerådet har påtatt seg å samla inn 11 millionar. Pr i dag er det samla inn nær 4,3 millionar.

# Program åpning Tau kirke

**10.9. kl. 19**  
Møte med  
minister  
Olaug Bollestad,  
m.fl.



**17.9. kl. 19**  
Normimarken  
– Jubileumsspill om  
Hans Nielsen Hauge  
v/Ryfylke Livsgnist  
Les meir her <https://ryfylkelivsgnist.no/haugespelet-2021>



**11.9. kl. 11**  
Tur/mosjonsarrangement  
v/ MIL

**Kl. 20**  
Konsert  
Sigvert Dagsland  
& Kornelius .



**18.9. kl. 15**  
Normimarken –  
Barnearrangement, Kick-off  
Søndagskolen



**12.9. kl. 11**  
Vigslings-  
gudstjeneste.  
Biskop  
Anne Lise Ådnøy  
m.fl.



**13.9. kl. 20**  
Valg-vake, Åpent hus

Pianomusikk av  
Bach, Beethoven,  
Grieg, Haydn.



**14.9. kl. 19**  
Misjons-kveld,  
Tiina Klement,  
prest i Estland,



Helge S. Gaard,  
gen.sekr. i NMS



*Mer detaljert program  
og informasjon om de enkelte  
arrangement, kommer  
over sommeren.*

Bakgrunnsfoto: Detalj av glasmaleriet i Tau kyrke. Foto: Synnøve Frantzen.

# Konfirmantar 2021

**JØSENFJORDEN  
BEDEHUSKAPELL**  
**Laurdag 19. juni kl. 11**  
Bouzane Julian Magnus  
Skjolingstad Preben  
Nielsen-Moen Vebjørn

**FISTER KYRKJE**  
**Laurdag 21. august kl. 11**  
Barnes Arne  
Hovda Oliver  
Nessa Iselin  
Skorge Torben Hettervik  
Skår Atle Matas



**HJELMELAND KYRKJE**  
**Laurdag 21. august kl. 13.00**  
Banaszkiewicz Vivian Marie  
Dale Ole Martin  
Lagasca Kristina Cassandra  
Lunde  
Mjølhus Andrea  
Sandanger Pernille Lorvik

**Laurdag 28. august kl. 11.00**  
Alveberg Sebastian  
Aukland Hanne  
Flem Elias  
Hetlesæter Astrid  
Larsen Jeanette Rørheim  
Sørestad Jorunn Vårvik

**Søndag 29. august kl. 11.00**  
Fosse Vetle Olsen  
Gabrielsen Christina Munthe  
Halsne Toril Espeland  
Hetlelid Karoline Kvalvåg  
Krokedal Peder  
Ravnås Estefania

**ÅRDAL KYRKJE**  
**Søndag 22. august kl. 11**  
Egeland Runa  
Mathiesen Hedda Magnus  
Ommundsen Maria  
Riskedal Birk  
Riskedal Emil  
Strømsvold Elvira Helen Tveit  
Vestersjø Niklas Johannessen

*Kjære, flotte konfirmantar i  
Hjelmeland, Årdal og Fister!*

Hadde det ikkje vore for koronaen, så hadde de for lengst vore konfirmerete. No vart konfirmasjonane, som så mykje anna, utsette. Men heldigvis har konfirmantundervisninga gått sin gang. Det har vore ei glede å bli kjend med kvar og ein av dykk! Ein fargerik gjeng. Veltalande, undrande, skeptiske, positive og ærlige – og inkluderande og rause med kvarandre. De har hatt evna til å visa glede og optimisme no i «annleisåret». Det er gode eigenskapar å ha vidare i livet.

Takk for tida saman med dykk, og lukke til vidare i livet! Husk at du alltid kan koma til Jesus! Han seier: «*Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.*» (Joh 14,6)

*Bestehelsing  
Troll M. Sofieskog  
Døkenmedarbeider  
Sigrunn Hagen Arnesen,  
sogneprest*



## Kjære konfirmanter på Jørpeland

Takk for den tida jeg har fått være sammen med dere denne vinteren og våren.

Gud er vår skaper og Far. Han ønsker en relasjon til deg, og sendte sin sønn til soning for deg. I Jesus har du en usynlig venn som vil gå sammen med deg gjennom livet. Den hellige ånd vil veilede deg når du vil lytte.

«Legg din vei i Herrens hånd. Stol på ham, så griper han inn.» (Salme 37,5)

Jeg ønsker dere alt godt, og lykke til videre i livet.

*Helsen Anita Grødem, menighetspedagog*



## Kjære konfirmanter i Forsand sokn!

Konfirmantåret dykkar blei ikkje som planlagt. Korona-epidemien har sett sitt preg og gjort at det blei mange endringar i løpet av året. Me fekk to kjekke dagar på Vaulali og har hatt undervisning i mindre grupper. Nå håpar me på fullsett Tau kyrke ved konfirmasjonane i oktober.

Jesus gir trøyst til læresveinane når livet blei vanskeleg for dei. Det same ønskjer han å gjera for deg. Han sa: «Lat ikkje hjartet dykker uroast! Tru på Gud og tru på meg!» (Joh. 14,1)

*Helsing Bøtt Sande Turøy  
katedral*

## Kjære konfirmanter i Forsand sokn!

Konfirmantåret vart annleis en planlagt. Stor konfirmantleir, konfirmantcup, grupper i heimar med meir, vart dessverre ikkje noko av. Til og med sjølv konfirmasjonsdagen vart flytta.

Eigentleg seier det mykje om korleis liva våre blir. Vi har våre tankar og legg planer, og det er bra! Men så blir det ikkje alltid slik me såg for oss. Veldig ofte blir det annleis enn vi hadde tenkt og planlagt, og mykje skjer rundt oss og med oss som ikkje er bra.

Om alt anna endrar seg og ting ikkje går som planlagt, så kan du vere trygg på at Jesus ønskjer å gå saman med deg gjennom livet.

Jesus er trufast. Han er Vegen. Han er Sanninga. Han er Livet. Vil du gå saman med Jesus inn i framtida? Det er mitt største ønske for deg!

*Besøk helsing fra Ole Waller*

## JØRPELAND KYRKJE Lørdag 28. august

Amin Andersen	Noah Dreggevik
Bakken Braseth	Kristoffer Helmikstøl
Bø Erland	Ylva Helena Jøssang
Fiskå Fjelde	Johannes Isak Jyang Ueland
Henriksen Larsen	Filip Theo Sebastian
Mansåker Melberg	Daniel Bjørn Vikå
Navelsaker Nessa	Nicolai Stian Jong-Jin
Norland Notvik	Jesper Varland
Oftedal	Ella Risa
Omland Rygh	Joakim Mæland
Sporaland Stein	Tobias Aasen
Tungland Tuntland	Tuva Strandset
Tveit Vatne	Bror Katharina
Vestbø	Victoria
Vetrhus	Winjum Kristian
Watland Wigdel	Mikkeli Jones Tobias Henriksen
Wollum Østerhus	Tjur Simen
Østerhus	Martine Martine
Lørdag 4. september	Kasper Hermansen Emily Helen
Asbjørnsen	Julie
	Olaus Helgøy
	Kristiane
	Eirik
	Nikolai Nyakas Elias
	Susanna Nag

Bang	Espen	Hjorteland	Helin
Bang	Jonas	Idø	Tommy Veland
Bjørnør	Markus Johansen	Johansen	Adrian
Botnen	Aksel	Kokaas	Ida Brekke
Boe	Kristine Fotland	Krumsvik	Hilda Heggland
Chadaravicius	Rokas	Lien	Kristian
Eberenz	Erwin	Litlabø	Emma Veronica
Egeland	Sverre	Meltveit	Kvinneresland
Eie	Isak	Nordbø	Cecilie Kvalvåg
Finnesand	Marius Fiskå	Pollard	Kine Brekke
Fiskå	Torbjørn Nordbø	Risa	Benjamin
Garsjø	Ta'Ziyah Christobel	Rosså	Selma
Heggland	Kaja	Sandvik	Noah Hjorteland
Heggland	Ole Kristian	Maria	Jonathan
Hevrøy	Hevrøy	Sersch	Marion
Hinna	Adrian Tveit	Sørskår	Anna Lyse
Hjelmen	Gelin Waagen		
Holta	Adrian Stangvik		
Idø	Ronja		
Knutsen	Sander		
Kvindesland	Anna		
Mangersnes	Ine		
Nag	Grethe Kristine		
Parcon	Parcon		
Haukelid	Haukelid		
Haukelid	Marius		
Ravndal	Lukas Larsen		
Vik	Jonas Eskedal		
Aanestad	Boye		
<b>Søndag 5. september</b>			
Barka	Ine	Dagestad	Sivert Sveinsvoll
Bergsager	Guro	Degefa	Nagafidi Tsegaye
Dyrdal	Torbjørn	Erevik	Jone Nikolai Nysted
Eidem	Aurora Marielle	Espedal	Tor Christian
	Isabelle	Håland	Mathias Sørskår
Fjelde	Sanna Jegleim	Ingvaldstad	Julie
Frantzen	Emilie	Kiflenkiel	Seim Tekleweini
Heng	Lisa Tomine		
Heng	Patrick		
	Øvsthun		
Hetland	Sara		

## TAU KYRKJE Søndag 3. oktober

Alsvik	Helena	Fresta	Orlando Norland
Alsvik	Tuva	Gjeteskjær	Lars
Andersen	Ivar	Hauge	Ida
Dalen	Helene	Heggheim	Andrea
Eie	Karelia Holta	Helgeland	Kevin Lunde
Gudvangen	Marius Østerhus	Jøssang	Vegard Livastøl
Halsne	Jonatan	Mæhle	Samuel Hettervik
Hansen	Leon Skjørestad	Riskedal	Preben Solvik
Hatleskog	Daniel Bjørheim	Salte	Marita Lendengen
Hetlelid	Johan Ritland	Solheim	Samuel
Holgersen	Steven	Soppeland	Ariana
Jacobsen	Mathea	Steinsvik	Leah Viktoria
Moen	Sivert Selsvik	Steinsvik	Ingeborg Lunde
Nyberg	Rita	Stenstad	Amund
Stokkeland	Alexandria	Straume	Astrid
Thaule	Leah Celine	Tjøstheim	Iselin Tytlandsvik
Velstad	Marius Endresen	Tjøstheim	Kristiane Strand
Velstad	Lukas	Tungland	Morten
Velstad	Mari Sedberg	Tungland	Nils
Velstad	Vilde Wahlberg	Vetrhus	Ea Mathilde Saghaug
<b>Laurdag 9. oktober</b>		Vik	Benjamin
Ammicht	Nele	Viken	Helene Gjerde
Bertelsen	Ella Nathalie	Voster	Sander
Bokn	Otto	Warda	Tord Steinsland
Bull	Tobias	Warland	Maryros Habib
Egeland	Marte	Wathne	Niclas Byberg
Fosse	Eirik	Østerhus	Henriette Kaald
Frafjord	Iben Christiane	Kvastad	Jonathan Johnsen

# Vi gler oss aller mest til å kunne samle slekt og vener!

**Korleis er det å vere konfirmant i 2021? Kva kan konfirmasjonstida bety for den enkelte?**

**Kristina Cassandra Lunde**  
**Lagas og Jorunn Vårvik**  
**Sørestad - begge frå Hjelmeland - er to av ungdommane som har delteke på konfirmantundervisning i Hjelmeland kyrkje dette året. Vi møter dei to jentene til ein uformell samtale i kyrkja.**

Tekst: Anne-Berit Rinde Bjelland

Foto: Torill Seljeskog

**Kvifor har de valt konfirmasjon?**  
«Eg vil konfirmere meg fordi alle dei andre i familien min har gjort det», seier Jorunn. «Det er viktig med tradisjon, men konfirmasjon er også eit naturleg val for meg, sidan eg er døypt

og er kristen og har lyst til å vere i dette.»

«Eg er også døypt og har ein kristen familie», fortel Kristina Cassandra, eller KC (Keisi), som ho helst vil bli kalla. «Så derfor bestemte eg meg for at eg ville konfirmere meg.»

**Er det noko spesielt de vil trekkje fram frå tida med konfirmantførebuing?**

«Det har vore veldig sosialt», seier Jorunn. Begge syntest leirdagen på Furutangen var eit høgdepunkt, sjølv om det ikkje vart overnatting, slik det har vore før. «Det var så koseleg med bål nede ved sjøen om kvelden», fortel KC. «Og så såg vi film, hadde kjekke leikar og god mat!»

**Korleis har det vore å gå på gudstenester?**

Både Jorunn og KC har delteke på nokre gudstenester gjennom året. «Det er kjekkast når vi får oppgåver og ikkje berre skal sitje der i ro», meiner dei. «Til dømes å tenne lys eller synge», legg Jorunn til.

**Kva gler de dykk mest til når de tenkjer på konfirmasjonsdagen?**

Også her er begge svært samstemte: «Vi gler oss aller mest til å kunne samle slekt og vene og vere i lag». Jorunn seier det slik: «Eg gler meg mest til å vere saman, ha det gøy og vere takknemleg!» Og så gler seg ho seg veldig til å bruke den nye bunaden sin! Gåvene og pengane ser og begge fram til, utan at det toppar lista. Men både Jorunn og KC trur nok mange kan merke det materielle presset ein slik dag.

«Og sjølvsagt skulle vi ønskje det ikkje var korona, slik at alle konfirmantane på Hjelmeland kunne vere i lag på konfirmasjonsdagen. Men vi trur nok det kjem til å bli veldig bra likevel!», seier dei to jentene og smiler breitt.



# Jubileum i Lysebotn

**29. mai 1961 ble Lyse kapell i Lysebotn vigslet av biskop Fridtjov Birkeli. På sensommeren i år skal det markeres 60 -års jubileum for kapellet i denne lille bygda innerst i Lysefjorden.**

Tekst: Anne Brit Hatleskog  
Takk til informantene Anne Lise Lyse, Torhild Myrland, Gerd Lyse Leiros og Ingunn Tangen

## EN LANG VEI MOT MÅLET

Den 7. januar 1883 var oppsitterne på Lyselandet forsamlet på Lyselandets skolehus hvor det oppsattes følgende erklæring:

*Vi undertegnede oppsittere erklærer herved at vi for så vidt der av det offentlige bevilges i følge byggmester Børnes overslag kr 3200,- til kapell på Lyselandet, påtager oss at utskyde en sum der måtte utfordres til dets fullstendige oppfølgelse og utbedring ut over det kalkulerende beløb. Byggetomt erklærer oppsittere fra Nerabø seg villig at avstå fritt ved siden av kirkegården.*

Det skulle gå nesten hundre år fra dette møtet, til Lyse kapell ble en virkelighet, og for mennene som underskrev erklæringen (de fleste med påholden penn!) ble det fortsatt lang kirkevei ut fjorden til Forsand. De rodde to og to fra lørdag formiddag til de kom fram til Bergevik og husrom hos handelsmannen på kvelden. Det ble naturlig nok lite folk fra fjorden til vanlig søndagsmesse, og en kan lese fra protokollene at også sognepresten la

fram for biskopen ønske om et kapell i fjorden.

Denne maidagen i 1961 da kapellet stod ferdig, midt i bygda mellom mektige fjellparti på begge sider, var også biskopen tydelig på at det var en stor dag for mange:

“Det er dei svære krefte i fjellet her som no gjør det mogeleg å vigse ei ny kyrkje i Lysebotn. Ved sida av dei velkjende kraftverka i Lyse skal vi no også få eit anna kraftverk, der Guds ord skal lyde til folket i Lyse, og verta ljos og kraft på livsvegen til den einskilde og kyrkjelyden. Det er ein stor dag for oss alle. Måtte det for kyrkjelyden verta eit ugløyande minne, og ei signing for liten og stor. Takk til alle som har gjort det mogeleg å få dette til”.

## ENGASJEMENT OG EIERSKAP FRA HELE BYGDA

*Endvidere påtager vi at utføre den nødvendige graving og planering, at oppføre grunnmur samt kjøring av materialer fra søen til byggestedet. Endelig påtager vi oss at vedlikeholde det oppførte kapell.*

Lysebuen har gjennom årene vist både engasjement og ansvar for kapellet. Det ble tidlig dannet en kapellforening med mål om å skaffe penger til kapellet, og kvinnene broderte og hekla til basar hvert år. I tillegg holder bygda fortsatt på tradisjonen om juletrefest på nyåret der fastboende, hyttegjester og tilreisende samles i menighetssalen. Mange stiller også trofast opp til dugnad når det trengs oppussing eller annet vedlikehold.


«Det er samlingsplassen for bygda», forteller Anne Lise Lyse, «og selv om det nå bare er et fåtall som bor fast i Lysebotn, er vi mange som er glade i kapellet og ser at det betyr mye for bygda. Hver sommer holdes kirkerommet noe åpent for besökende og det hender også at det holdes konserter og kulturarrangement i sommerhalvåret.»



Første konfirmasjonsgudstjeneste i nytt kapell i 1961: Nils Simonsen, Jenny Hatleskog (f. Holmen), Solveig Flørli, Gunhild Kalleli og Anne Kristin Moen. Sogneprest Harald S Gaard. Foto: Ukjent.

## BYGDA HAR ENDRET SEG, MEN KAPELLET ER FREMDELES I BRUK

*Etter oppfordring erklærte soknepresten seg villig til for ..... at utføre gudstjeneste ved kapellet en gang hvert fjerdingsår (\*). Angaaende nattehold for sognepresten og kirkesanger erklærde sognepresten seg villig til at lade seg nøyde med varmt værelse og opvartering. For kirkesangerens vedkommende besluttet man at lade ..... fritt valg mellom kosthold in natura og varmt værelse. Etter hans avgang overdrages det sognepresten at andrage om at få*





Inne i kapellet, alteret og den enkle, men flotte lilla alterveggen med korset.  
Foto: Gerd Lyse Leiros.

Læreren på Lyselandet ansatt som klokker ved kapellet.

For noen år tilbake, da det både var skole, butikk og flere fastboende i bygda, ble kapellet mer brukt. For alle som bodde i fjorden var det naturlig å bruke kapellet til de store merkedagene, dåp, konfirmasjon, bryllup og gravferd. I mange år var det også søndagsskole nede i menighetssalen, og tilreisende emissærer hadde møteuker med sang og bibelord.

Kapellet står i dag stort sett slik det gjorde på vigslingsdagen for 60 år siden. Arkitekten ville ta hensyn til de spesielle naturforholdene i Lysebotn og gav derfor bygget høye, spisse gavler som faller naturlig inn i terrenget. Det var en kort periode en altertavle montert på den lilla veggen, men etter ønske fra den lokale menigheten ble den fjernet etter kort tid og det originale, enkle trekorset kom tilbake.

Nå er det gudstjeneste i kapellet en gang i året, på sommeren når det er mulig å kjøre over fjellet inn til Lysebotn. Det er derfor ikke nødvendig med «varmt værelse og opvartning» til presten når han kommer på besøk.

«Det er alltid hyggelig å komme inn til Lysebotn», forteller sokneprest Ole Wollert Meyer. «Det er en majestetisk natur og varme mennesker som møter oss. Og så det er alltid kirkekaffe!»

(\*Fjerdingår = fire ganger i året)

## Prolog til innvielsen av Lyse kapell 28.05.1961

Av vikarprest Arnt Lunde

*Langt inn i fjorden, dypt under fjell  
fikk du ditt leie' – Lyse kapell.  
Solgullet glitrer på tinde og topp,  
tårnspiret ditt peker høyere opp.*

*Du vil en himmel herlig og stor,  
høyt over alt det som stenger på jord;  
Du vil ha lyset i dalbunnen ned,  
vitne for sannhet og frihet og fred.*

*Oppgaven din hører framtiden til –  
et redskap for Herren bygdes du til,  
et hjem for de slekter som kommer og går  
at frelsersens kjærlighet hjertene når.*

*Som kreftene bindes i "Fjellgubbens hall"  
til varme og lys i hver solfattig dal,  
la lyset og kraften som strømmer fra Gud  
få fylle med varme ditt evige bud.*

*Da vil du få bære fra vugge til grav  
det slektenes midtpunkt Gud, Herren oss gav,  
da vil du få være hans kjærlighets tolk,  
som ofret sitt liv for å frelse sitt folk.*

*Du står der i dag som et uskrevet blad –  
men troen og håpet gjør folket så glad.  
Når klokkene kaller, det ljomer fra fjell:  
Guds fred over dalen til slektenes kveld.*

# Olsok i Årdal gamle kyrkje



**Endå ein gong kan vi tilby  
olsok-konsert og - guds-  
teneste i Årdal gamle kyrkje.  
Denne gongen blir musik-  
ken framført av trioen  
Astrid Bjelland, tverrfloyte,  
Gunhild Rebnord, obo, og  
Johannes Herjö, fagott.**

Tekst: Anne-Brit Rinde Bjelland  
Interiørbiletet: Foto: Olav Frantzen  
Musikarane: Foto: Privat

Denne kombinasjonen av treblåsarane floyte, obo og fagott, er nok ikkje heilt daglegdags hjå oss, men gir eit svært så velklingande uttrykk.

Og med Årdal gamle kyrkje som ramme for tonane, kan det bli ei fin musikkoppleving!

To av dei tre musikarane er studentar ved musikk-konservatoriet i København.

Astrid Bjelland er det lokale namnet, kjend frå mange opptrerdenar i heimekommunen Hjelmeland. Ho har og vunne fleire prisar for floypespelet sitt, både i inn- og utland, og har nyleg hatt eit årsvikariat i Danske Radio Symfoniorkester. No held ho på med masterstudiet.

Gunhild Rebnord kjem frå Sotra utanfor Bergen. Ho har bachelor i utøvande musikk frå konservatoriet i Haag, og er også masterstudent i København. Gunhild vikarierer ofte i

ulike orkester rundt om i Skandinavia og er også ein aktiv kammermusikar.

Johannes Herjö frå Sverige, har tidlegare studert både i København og i Mannheim, og er no alternerande soloфagottist i Ålborg Symfoniorkester. Samtidig er han på prøvetid som soloфagottist i Copenhagen Philharmoniske Orkester. Han er og aktiv i dei to blåsekintettane «Nordvind» og «Carl Nielsen- kvintetten», og assisterar stadig andre orkester som treng ein fagottist.

På konsert-programmet står mellom anna vakre triasonater av Bach og Corelli. Og det blir både solospel og samspel å høre frå desse tre dyktige!



Korpartiet slik det blei i 1968. Foto: Synnøve Frantzen.

## «Bebudelsen»

**Dette er namnet på alterbiletet i Årdal kyrkje, måla av den kjente Stavanger-kunstnaren Frank Frantzen i 1968. Namnet på biletet viser til forteljinga i Lukas 1,26-32 der engelen Gabriel kom «med bud» til Maria og fortalte henne at ho skulle bli Jesu mor. Kunstnaren har nok utvida forståinga av begrepet ein del, for biletet innehold så mange forteljingar og motiv.**

Tekst: Olav Frantzen

### DEN FØRSTE ALTERTAVLA

Men la oss først gå tilbake til 1919. Då Årdal nye kyrkje vart vigsla og teken i bruk den 28. mars dette året, var det eit stort trekors over alteret. Nokre år seinare kom Astrid Bottolfsen Walaas sitt maleri, tilpassa den same omramminga som trekorset frå 1919. Ho hadde tilknytning til bygda gjennom ekteskapet med ingeniørkaptein Alfred Walaas frå Årdal. Ho budde heile sitt vaksne liv i Trondheim der ho dreiv med kunstmaling som hobby. Då kyrkja fekk nytta alterbilete i 1968, vart hennar verk gitt til Det norske misjonsselskap, og

heng i dag i møtesalen på Furutangen leirplass.

### RESTAURERING OG NY VIGSLING

På 1930-talet vart det avdekka manglar i den berande konstruksjonen i kyrkja, og det var nødvendig å starta eit omfattande restaureringsarbeid. Noko vart gjort då, men resten av arbeidet vart ikkje gjort før i 1966-67. Dette vart ei svært omfattande renovering, ja så omfattande at kyrkja vart vigsla på nytt av biskop Fridtjov Birkeli palmessøndag 7. april 1968. Kyrkja framstod i heilt ny drakt innvendig, og alle i den fullsette kyrkja festa augene på det ruvande og fargerike alterbiletet.



Koret med den første altertavla. Frå vigslingsgudstenesta i 1919  
Foto: Ukjent fotograf.



Koret med Astrid Walaas sitt maleri, ca. 1940.  
Foto: Ukjent fotograf.

„Kyrkja framstod i heilt ny drakt innvendig, og alle i den fullsette kyrkja festa augene på det ruvande og fargerike alterbiletet.“

På gudstenesta denne palmesøndagen var det mange barn, sikkert ein del frå bygda, men også ein heil flokk som var på påskeleir i Årdal. Dette visste biskopen ingenting om, så han hadde ikkje førebudd noko barnepreike. Difor vende han seg til barna i starten av preika og sa: «I stedet for å høre på meg, kan dere se på det store bildet over alteret, og telle hvor mange barn som der får lys og velsignelse over livet sitt fra Jesus.»

### EIT KONTROVERSIELT BILETE

Det var nok ikkje berre borna som studerte det store maleriet som fylte nesten heile fondveggen. Kanskje var

det mange vaksne også som ikkje fekk med seg alt biskopen sa, for dei var så fokuserte på alterbiletet.

Frank Frantzen (1923-2011) var ein produktiv og anerkjent kunstnar frå Stavanger. I si bok om kunstnaren skriv Arvid Møller at han var «en av de mest spennende ekspresjonistiske billedbyggerne i norsk etterkrigs-kunst». Dette er det einaste alterbiletet frå hans hand, oppdelt i mange felt, malt i olje på lerret. Saman med 9 andre deltok han i konkurransen om dette oppdraget. Det var eit dristig val som vart gjort då det vart bestemt at dette biletet skulle kjøpast inn. Det uttrykte eit radikalt brot med det ein kan

kalla den tradisjonelle altertavla, og mange hadde problem med å akseptera dette, i alle fall dei første åra. Alterbiletet er nok Årdal kyrkje sitt største sær preg, og mange er begeistra for biletet som inneholder så mange forteljingar, og gjev så mange assosiasjonar og rom for ulike tolkingar; Kristus som det store lyset i sentrum, menneske i mørke, små barn i lyset frå Kristus. Dette er eit bilete som ein aldri blir ferdig med. Årdal er heldige som eig eit slikt kunstverk, og i dag er ikkje lenger dette eit kontroversielt altorbilete.

# Røldalsleden, en ny pilegrimsvei fra Stavanger til Trondheim



**Utstein Pilegrimsgard har sammen med Stavanger bispedømmes pilegrimsutvalg tatt initiativ til et arbeid som har som mål å etablere Riksvei 13 og E 39 fra Stavanger til Trondheim som en pilegrimsvei. Mens tradisjonelle pilegrimsveier ofte forutsetter lange etapper med vandring eller med båt, er dette veien for de som primært ønsker å bruke bil eller motorsykkel. Slik vil dette være en pilegrimsvei for alle, også for de som har særlige behov.**

Tekst og foto: Eirik Moe, Stavanger bispedømmes pilegrimsutvalg

Veiene fra Stavanger til Trondheim er 920 km., og det ligger omlag 60 kirker langs veien. Vi arbeider for at flest mulig av disse skal være åpne, at

det kommer opp skilt ved kirkene, at det lages nettside og at det lages pilegrimspass og lokale stempel.

Det arbeides også med en reisehåndbok med informasjon om kirkene, gode råd, universell tilrettelegging, turforslag, og aktiviteter for barn. Heftet vil i tillegg inneholde introduksjonstekster til pilegrimsbegrepet.

Høsten 2020 var Stavanger bispedømmes pilegrimsutvalg på reise fra Stavanger til Røldal og hadde samtaler med representanter fra kommuner og kirker langs veien. Også representanter fra Bjørgvin bispedømme deltok på deler av turen.

Åpne kirker er en kjerne i prosjektet. Samtidig som det er av verdi for de som kommer på besøk, vil det å åpne kirkene også bety mye for lokalmiljøet. Noen steder gir det mulighet for sommerjobb for ungdom. Kirkene er en arena der ulike generasjoner kan jobbe sammen.

Informasjonen er avgjørende for at folk skal oppdage og finne fram til kirkene.


Skilt ved kirkene og langs veiene er viktige. Gode skilt er en måte å vise gjestfrihet på.

Når en får flere åpne kirker langs en tydelig og kjent vei, gir det nye muligheter. Koordinerte åpningstider og en felles informasjonsplate kan muliggjøre ulike former for programsamarbeid:

Konserter, tema-utstillinger, kunstutstillinger, nye kunstneriske uttrykk, følgefortellinger, men også tradisjonelle tidebønner.

Corona-situasjonen gjør at opprinnelige planer om offensiv videreføring av prosjektet nå i 2021, er blitt endret.

Nå arbeides det for å gjennomføre én eller to pilot-turer fra Stavanger til Røldal denne sommeren. Og gjerne én av dem for mennesker med spesielle behov. Erfaringen fra disse turene vil vi ta med inn i videre arbeid til høsten.



## En ny pilegrimsvei for alle: Røldalsleden

Stavanger – Trondheim  
920 km, 60 kirker

Skilt ved kirkene,  
nettside, pilegrimspass.

Reisehåndbok med fakta,  
gode råd, universell  
tilrettelegging, turforslag,  
ting å gjøre for barn.

Et prosjekt i regi av:

UTSTEIN  
PILEGRIMSGARD



# Grønt hjerte

*Samlingene starter med samlingsstund.*

**Ved Strand kirke finner jeg gutter og jenter i full aktivitet med å plante i kasser. De er med i gruppa Grønt hjerte som har fokus på skaperverk og miljø. Hit kommer det en del barn fra 2.-7. klasse en gang i måneden for å gjøre ting sammen med Gro Iren Horve.**

Tekst og foto: Anita Grødem

**- Hva gjør dere når dere møtes her, spør jeg.**

- Først har vi en samling der vi snakker vi litt om hvordan vi har det, og hva vi har gjort i naturen siden sist vi var sammen.

- Gro Iren forteller noe fra Bibelen, og så snakker vi om det og andre ting.

I dag er jo ikke alle her da, sier en av guttene.

- Så dyrker vi grønnsaker som vi lager mat av og spiser, sier ei av jentene.

**- Hva planter dere?**

- Nå er det rosenkål, gulerøtter, løk og mainepper som vi skal plante. Vi sådde de tidligere i vår.

**- Hva kan dere lage av dette da?**

- Vi kan lage salater, smoothie, og mange andre ting.

**- Hvorfor er dere med på dette?**

- Det er kjekt å gjøre noe sammen med andre forteller ei.

- Vi lærer masse om naturen, hvordan vi sår og dyrker grønnsaker, sier en.

- Så lærer vi å lage noe godt å spise, sier en annen.

- Noen ganger griller vi også, forteller en tredje.

**- Kan du fortelle litt om hvorfor du har startet denne gruppen, Gro Iren?**

- Jeg ønsker at barna skal være glad i naturen og vil ta vare på jorda vår. Det er gøy å dyrke egne grønnsaker og barna syns det er kjekt å lage mat av det de har dyrka sjøl. Om vinteren lager vi blant annet fuglemat og snakker om de ulike fuglene.

**Det er plass til flere**

Velkommen en onsdag i mnd., kl. 17.00-18.30.

Ta kontakt med Gro Iren Horve, mobil 48269916



*Adrian og Maili gjør klart for planting i kassene.*



*Birk og Isabella ser fram til å lage god mat en dag av det de planter nå.*



*Det er gøy å dyrke egne grønnsaker.*

**Døpte**

JØRPALAND	21.03. Melissa Finnesand
	28.03. Kristin-Louise Olsen Hoel
	18.04. Mathilde Mæland Melberg
	Harriet Harestad
	02.05. Sofie Bjørheim Næss
	16.05. Mathias Jørpeland
	Aria Jess Viste
	Ellie Jess Vise
STRAND	25.04. Leander Håheimsnæs Hetland
	01.05. Sannah Kluge

**Døde**

JØRPALAND	25.03. Audun Sigbjørn Vadla
	08.04. Audun Gerhard Mæland
	16.04. Eli Sandvik
	22.04. Torbjørg Irene Helland
STRAND	24.03. Einar Terje Kvam
	02.04. Bjørn Tjøstheim
	02.05. Bjørg Oddny Eie
	05.05. Kleng Kristoffer Voster
	10.05. Per Sigvart Heng
FISTER	04.04. Viggo Lundberg
	12.04. Tor Sigbjørn Lid
HJELMELAND	23.03. Knut Melhus (Øye)
	02.05. Peder Bjerga (Øye)

**Vigde**

JØRPALAND	10.04. Tonje Therese Kristiansen og Alexander Byberg
	01.05. Evy Fjelde og Roland Schell
STRAND	01.05. Eline Helleland og Knut Østerhus Amdal
	15.05. Adelén Nygaard Kleven og Sindre Skurve



Gi en trygg ferieopplevelse til familier som har det vanskelig  
Illustrasjonsfoto

SMS BK FERIER til 13130 (200 kr),  
VIPPS en gave til 13130  
eller gi konto 3201 52 74165



## KONSERT I ÅRDAL GAMLE KYRKJE VED «STAVANGER BAROKK»

Torsdag 24. juni kl. 19.30:

Elin Aase (mezzosopran), Jørgen Skogmo (barokk-gitar) og Erik Skanke Høsøen, (lutt)

Billettar kr 200,- (VIPPS til 543207, Årdal gamle kyrkje, eller kontant i døra). Barn under 16 går gratis.

Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval



## FORSAND HAR WEEKEND TIL HORVE 24.-26. SEPTEMBER FOR STORE OG SMÅ, VAKSNE OG BARN

Sett av datoene, så blir det sendt ut meir info etter kvart  
Litt spent om me får gjennomført, men me gir oss ikkje før me må!

## LYSE KAPELL ER 60 ÅR

28. mai 1961 blei Lyse kapell vigsla av biskop Fridtjov Birkeli.  
Dette blir feira søndag 8. august kl. 12.30 i Lyse kapell.

## OLSOK-KONSERT I ÅRDAL GAMLE KYRKJE:

Torsdag 29.juli kl. 19.00:

Astrid Bjelland (fløyte),  
Gunhild Rebnord (obo) og Johannes Herjö (fagott)

Anbefalte/ frivillige inngangspengar for vaksne:  
kr 200,- (VIPPS til 543207, Årdal gamle kyrkje, eller kontant i døra).

Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval

ca kl. 19.30: Olsok-gudsteneste.

Prest: Sigrid Sigmundstad

Forsongarar. Konser-musikarane medverkar.



Årdalstunet  
Telefon: 51 75 11 50

**AutoMester®**

**JØRPELAND SERVICESENTER AS**  
Ryfylkevegen 953, Jørpeland • Tlf. 51 74 14 45  
www.jorpelandservice.no

**POWER**  
Jørpeland Elektrosenter  
SKALLSTØPERIET

**REMA 1000**  
Jørpeland  
Åpningstider: 7-23 (8-21)

**FORSAND SANDKOMPANI**

**Strandbuen**

**SpareBank** SR-BANK

**Det er ingen selvfolge at noen ordner bursdagsgave**  
Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.  
Vil du hjelpe familiær som sliter med alkohol- og rusproblemer?  
Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)  
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



**FINN EIN SKATT**  
Pynteting, bruksting, bilder m.m.  
Varer kan leverast i butikken på Tau.  
Åpningstider: • Måndag–fredag 10–17 • Laurdag 11–15

TRENGER DU NOEN  
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS CHAT**

**SOS MELDING**

**KIRKEN SOS**

**MØBELRINGEN®**  
Jørpeland

**FARGERIKE**  
HJERTENES JERNVARE  
Vågen, 4100 Jørpeland • Tlf. 51 74 72 04

**joker**  
Me har varekjøring  
kvar dag!  
post@lysefjorden.no  
Ring: 95259325 hvis spørsmål!

**Jens Bjelland A.s**  
Tlf. 51 74 73 58

**VIPPS**  
Prekestol-abonnementet kan nå betalast med Vipps. Du søker etter Prekestolen kyrkjeblad, eller tastar inn vippnummeret 105004, legg inn valt beløp, og Vipps – så har du betalt!

**STEIN MEK.**  
VERKSTED AS  
Tlf. 40 01 73 18  
smv@stein-mek.no

Støtt våre annonsører, de støtter oss !

**Fiskål Mølle**  
Tlf: 51 74 33 00  
Kraftfør – tilskuddsfør – gjødsel  
– såvær – ensilering – plantevern  
- Godt gjort er bedre enn godt sagt!

**Ikke alle barn gleder seg til ferien**  
Gi en trygg ferieopplevelse til familiær som har det vanskelig  
SMS BIK FERIEN til 13130 (200 kr).  
Vipps-en-gave til 13130  
eller gi konton 3201 32 74165

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå  
A rose

**51 97 29 00**  
DØGNVAKT  
[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

**VIPPS**  
Prekestol-abonnementet kan nå betalast med Vipps. Du søker etter Prekestolen kyrkjeblad, eller tastar inn vippnummeret 105004, legg inn valt beløp, og Vipps – så har du betalt!



**Trodla-Tysdal**  
Turiststasjon  
Kjell Tysdal tlf. 959 90 867  
post@trodla-tysdal.no  
[www.trodla-tysdal.no](http://www.trodla-tysdal.no)

**Motehuset**  
BYBERG

• Regnskap • Firmaregistrering  
• Årsoppgjør • Datatilkobling  
• Scanning av bilag  
Jørpeland - 51 74 14 00  
Årdal - 51 75 42 50

**partnerregnskap**

Bygefirma med lange og gode tradisjoner, dyktige fagfolk og fokus på høy kvalitet og kundetilfredshet.  
Du som kunde står alltid i fokus, og for oss er alle jobber av interesse (store og små). Vår visjon er "ingen jobb ferdig før du/kunde er fornøyd"  
[www.forsand-byggservice.no](http://www.forsand-byggservice.no) | [idehus.no](http://idehus.no)  
[www.forsand-byggservice.no](http://www.forsand-byggservice.no) Bergekrossen 7A, Forsand. Tlf 51 70 31 12

**Barkved**  
TREVAREFABRIKK  
Tlf. 975 18 627  
[barkvedtrevare@gmail.com](mailto:barkvedtrevare@gmail.com)

**Blomsterstua**  
Jørpeland - 51 74 99 10  
Tau - 51 74 68 35  
Vi bringer - ring 51 74 99 10

**Norconsult**  
Norconsult AS  
Ryfylkevegen 197D,  
NO-4120 TAU  
Tel: +47 51 74 90 11  
[www.norconsult.no](http://www.norconsult.no)

**A-K**  
Årdal Landbruk  
Butikk og verksted  
i Årdalstunet 13.

**PG Installasjon as**  
Alt innen elektroinstallasjon • Automasjon  
• Tele og data • Kuldemontør til alle typer kjøler, varmepumper osv.  
**EL-PROFFEN**

51 75 03 45  
[post@pgi.no](mailto:post@pgi.no)  
[www.pgi.no](http://www.pgi.no)

**Din  
annonse  
her?**

**TF regnskap**  
Vi bryr oss om våre kunder, sammen skaper vi gode resultater

KONTOR FORSAND,  
HJELMELAND OG TAU  
Telefon: 51 74 48 80  
[post@tf-regnskap.no](mailto:post@tf-regnskap.no)  
[www.tf-regnskap.no](http://www.tf-regnskap.no)  
Autorisert regnskapskontor

**STRAND BYGG AS**

Jørpeland Bilverksted as  
4100 Jørpeland  
Tlf 51 74 08 80  
Bilverksted - bildeler - rekvisita  
- periodisk kjørekontroll

**RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ**  
STRAND OG RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ  
Vår erfaring – din trygghet. Audun Ingvaldstad og Johan Braseth.  
Gravstein-utstilling i våre kontorlokaler på Tau  
Ryfylkeveien 1986, Tau – tlf. 51 74 87 00 – [www.hviding.no](http://www.hviding.no)

**revisjonryfylke**  
[www.revisjonryfylke.no](http://www.revisjonryfylke.no)

## HJELMELAND KYRKJEKONTOR

Hjelmeland, Fister og Årdal sokn

Kyrkjeverje: Reidunn Ferstad  
Kontor: Prestegarden 5, Hjelmeland  
Kontortid: Måndag-fredag 9.00 – 14.00

Telefon: 977 55 347  
E-post: post@hjelmeland.kyrkja.no  
Nettside: www.hjelmeland.kyrkja.no

Sokneprest: Sigrunn Hagen Arnesen  
Kantor: Anne-Berit Rinde Bjelland  
Trusopplærar: Tonje Flato Nessa  
Diakonimedarbeidar: Torill Marie Seljeskog  
Gravplassarbeidarar: Ola Mjølhus og Sven Valheim

Kyrkjeterar Hjelmeland: Ola Dale  
Kyrkjeterar Fister: Åsmund Thomsen  
Kyrkjeterar Årdal: John Leikvar Nessa  
Kyrkjeterar Jøsenfjorden: Bente Tednes Gjil

Soknerådsleiar Hjelmeland: Magnhild Melvæit Kleppa  
Soknerådsleiar Fister: Anne-Tove Gunderson  
Soknerådsleiar Årdal: Olav Frantzen  
Fellesrådsleiar: Terje Thornquist

## FORSAND KYRKJEKONTOR

Forsand sokn

Dagleg leiar: Siv Fossan  
Kontortider: må, ty, to, fr 09.00–13.00

Telefon: 413 11 055  
e-post: forsand.sandnes@kirken.no  
Nettside: www.forsand.kyrkja.no

### Forsand kyrkjelyd

Sokneprest: Ole Wollert Meyer  
Kyrkjelydsarbeider: Irene Idland Thu  
Organist: Hege Tungland Langbakk  
Kyrkjeterar: Bente May Froli Stangeland  
Soknerådsleiar: Mona Beate Berge

Kyrkjeskyss: Per Hagen mob. 995 13 384

## PREIKETEKSTAR

Søn 20. juni – 4. s. i tr.e.tida: Matt 16,24–27  
Søn 27. juni - 5. s. i tr.e.tida: Matt 7,21–29  
Søn 4. juli - 6. s. i tr.e.tida: Matt 16,13–20  
Søn 11. juli - 7. s. i tr.e.tida: Luk 19,1–10  
Søn 18. juli - 8. s. i tr.e.tida: 2 Kor 8,9–15  
Søn 25. juli - 9. s. i tr.e.tida: Joh 8,2–11  
Søn 1. aug. - 10. s. i tr.e.tida: Matt 18,21–35

## PROST RYFYLKE PROSTI

Sigrid Sigmundstad  
Mobiltelefon: 908 71 457  
Kontor: Hjelmeland kyrkjekontor  
E-post: prost@hjelmeland.kyrkja.no

## PROST SANDNES PROSTI

Ludvig Bjerkreim  
E-post: ib837@kirken.no  
Tlf: 95189085

## STRAND KYRKJEKONTOR

Strand og Jørpeland sokn

Kyrkjeverje: Trond Hjorteland  
Kontortider: Måndag-fredag 09.30–14.00  
Telefon: 51 74 11 30  
E-post: kyrkja@strand.kommune.no  
Nettside: www.strand.kyrkja.no

Fellesrådsleiar: Tor Jan Aarstad

### Strand kyrkjelyd

Sokneprest: Martin Ivar Arnesen  
Adm.leiar: Liv Åse Gaard  
Organist: Geir Arve Helvig  
Kateket: Bodil Sande Turøy  
Menighetspedagog: Anita Grødem  
Ungdomsdiakon: Michael Skappel Zülow  
Kyrkjeterar: Wenche Krogevoll  
Dmytro Sivertsen  
Anders Sigmundstad  
Britt Karin K. Grødem

Soknerådsleiar:

### Jørpeland kyrkjelyd

Sokneprest: Vikar Gro Wersland Nag  
Menighetsforvaltar: Ragnvald Kristian Sørensen  
Organist: Mia Christina Raustein  
Kateket: Elin Skårland  
Trusopplærar: Mette Boye  
Diakonimedarbeidar: Wenche Krogevoll  
Kyrkjeterar: Jan Langeland  
Dmytro Sivertsen  
Odd F. Bjerga

Soknerådsleiar:

# Gudstenester i Hjelmeland



## HJELMELAND KYRKJE

**Søndag 13. juni kl. 11:**  
Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 4. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Tro og medier

**Søndag 25. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Rolf Henrik Øye  
Takkoffer til Laget -NKSS

**Søndag 8. august kl. 11:**  
Gudsteneste. Michal S Zülow  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Laurdag 21. august kl. 13:**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Laurdag 28. august kl. 11:**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 29. august kl. 11:**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 05. september kl. 11:**  
Jazzgudsteneste.  
Sigrid Sigmundstad  
Presentasjon av konfirmantar  
Takkoffer til KRIK

**Søndag 26. september kl. 11:**  
Familiegudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Hausttakkefest. 4-åringane invitert.  
Takkoffer til IKO – Institutt for kristen oppseding

## FISTER KYRKJE

**Søndag 27. juni kl. 11.**  
Gudsteneste. Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Norsk Gideon - Bibelsmisjon

**Søndag 18. juli kl. 11.**  
Gudsteneste. Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Tro og medier

**Søndag 25. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Rolf Henrik Øye  
Takkoffer til Laget -NKSS


**Søndag 1. august kl. 11.**

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad

Takkoffer til IKO – institutt for kristen oppseding

**Laurdag 21. august kl. 11.**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 19. september kl. 11.**  
Familiegudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Hausttakkefest. 4-åringar invitert.



## JØSENFJORDEN BEDEHUSKAPELL

**Laurdag 19. juni kl. 11**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 19. september kl. 16.30**  
Familiegudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Hausttakkefest. 4-åringar invitert.  
Takkoffer til misjonsprosjektet

## ÅRDAL KYRKJE

**Søndag 20. juni kl. 11:**  
Friluftsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Laget - NKSS

**Søndag 11. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Rolv Henrik Øye  
Takkoffer til Kirkens bymisjon  
Rogaland

**Søndag 22. august kl. 11:**  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 12. september kl. 19:**  
Gudsteneste. Sigrunn H Arnesen  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til Kirkens fengselsarbeid

**Søndag 3. oktober kl. 11:**  
Familiegudsteneste.  
Sigrunn H Arnesen  
Hausttakkefest. 4-åringar invitert.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp

## ÅRDAL GAMLE KYRKJE

**Torsdag 29. juli kl. 19.30:**  
Olsokgudsteneste.  
Sigrid Sigmundstad  
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid

Konsert kl. 19.00. Sjå omtale s. 15



Søn 8. aug. - 11. s. i tr.e.tida: 2 Mos 20,1-17  
Søn 15. aug. - 12. s. i tr.e.tida: Luk 8,1-3  
Søn 22. aug. - 13. s. i tr.e.tida: Luk 12,41-48  
Søn 29. aug. – Vingardssøndag.: Luk 17,7-10  
Søn 5. sept. - 15. s. i tr.e.tida: Luk 10,38-42  
Søn 12. sept. - 16. s. i tr.e.tida: Matt 5,10-12  
Søn 19. sept. - 17. s. i tr.e.tida: Luk 7,11-17  
Søn 26. sept. - 18. s. i tr.e.tida: Matt 8,5-13  
Søn 3. okt. - 19. s. i tr.e.tida: 5 Mos 30,11-15



## Gudstenester i Strand og Forsand



### STRAND KYRKJE

**Søndag 20. juni kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 4. juli kl. 11:**  
Gudsteneste  
**Søndag 25. juli kl. 11:**  
Gudsteneste  
**Søndag 15.aug. kl. 11:**  
Gudsteneste  
**Søndag 22. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 29. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 5. sept. kl. 11:**  
Gudsteneste.

### TAU KYRKJE

**Søndag 12. sept. kl. 11:**  
Innviingsgudsteneste.  
**Søndag 19. sept. kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 26. sept. kl. 18:**  
Konsert  
**Søndag 3. okt. kl. 11:**  
Konfirmasjongudsteneste.

### VAULALI

**Søndag 18. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste. Ole Wollert Meyer-Takkoffer til Vaulali

### JØRPELAND KYRKJE

**Søndag 20. juni kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 11. juli kl. 19.30:**  
Kveldsgudsteneste  
**Søndag 1. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste  
**Søndag 22.aug. kl. 11:**  
Gudsteneste  
**Laurdag 28. aug. kl. 10/11.45/13.30:**  
Konfirmasjonsgudstenester  
**Laurdag 4. sept. kl. 11/13:**  
Konfirmasjonsgudstenester  
**Søndag 5. sept. kl. 10.30/12.30:**  
Konfirmasjonsgudstenester  
**Søndag 12. sept. kl. 19:**  
Kveldsgudsteneste.  
**Søndag 19. sept. kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 26. sept. kl. 11:**  
Gudsteneste.  
**Søndag 3. okt. kl. 11:**  
Gudsteneste.

**Med etterhald om endringar!**  
Sjå også våre heimesider:  
[www.hjelmeland.kyrkja.no](http://www.hjelmeland.kyrkja.no)  
[www.strand-kyrkje.no](http://www.strand-kyrkje.no)  
[www.jorpeland-menighet.no](http://www.jorpeland-menighet.no)  
[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no)

### FORSAND KYRKJE

**Søndag 6. juni kl. 11.00:**  
Familiegudsteneste m/utdeling av barnebibel til 1.klassingane  
**Søndag 13. juni kl. 18.30:**  
Deltakingsgudsteneste m/konfirmantane (antakeleg ikkje open gudsteneste om det ikkje blir lempa på Covid-19 reglane)  
**Søndag 27. juni kl. 11.00:**  
Gudsteneste m/nattverd  
**Søndag 18. juli kl. 11.00:**  
Gudsteneste m/nattverd  
**Søndag 8. aug. kl. 13.00:**  
60 års jubileum for Lyse kapell  
**Søndag 29.aug kl. 11.00:**  
Samlingsfest – semesterstart for bedehus og kyrkje  
**Familiegudsteneste i kyrkja kl. 11.00** m/utdeling av bok til fireåringane  
Samling på bedehuset etterpå  
**Lørdag 4. september kl. 12.00:**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
**Søndag 5. september kl. 11.00:**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
**Søndag 19.september kl. 11.00:**  
Gudsteneste m/søndagskule og søndagsgjengen  
**Søndag 26. september kl. 11.00:**  
Gudsteneste på Horve ungdomssenter (weekend)  
**Søndag 3. oktober kl. 11.00:**  
Gudsteneste m/konfirmant-presentasjon og konfirmant-jubileum.  
Søndagskule/søndagsgjengen  
Bøn for gudstenesta kl. 10.30-10.40 i kapellet